

Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
137/2014	Formannskapet	02.12.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Sveinung Toft	FE - 231	14/236

Klage på vedtak om tilknytingsavgifter - Matretunet AS

Formannskapet viser til klagen frå Matretunet AS og reduserer tilknytingsgebyra for vatn og avlaup med 50 % frå krone 807.500,- til krone 403.750,-.Det vert vist til rådmannen si vurdering nedunder med tilvising til differensieringa som er innført i nytt regulativ, og i framlegg til ny lokal forskrift for vatn og avlaup i Masfjorden.

Formannskapet - 137/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet viser til klagen frå Matretunet AS og reduserer tilknytingsgebyra for vatn og avlaup med 50 % frå krone 807.500,- til krone 403.750,-.Det vert vist til rådmannen si vurdering nedunder med tilvising til differensieringa som er innført i nytt regulativ, og i framlegg til ny lokal forskrift for vatn og avlaup i Masfjorden.

Underliggende saker:

Saka har vore til handsaming i formannskapet den 18.03.2014, sak 019/14 og i formannskapet den

13.05.2014, sak 036/14. I formannskapet den 13.05.2014 vart det gjort vedtak om å utsetja klagehandsaminga i påvente av utarbeiding av nytt regulativ for dette området. Administrasjonen har i haust utarbeid framlegg til ny forskrift for vatn og avlaup, jf. f. sak 093/2014. Denne forskrifta har no vore på høyring, og skal snart slutthandsamast. I forskrifta vert det lagt opp til ei differensiering ved at det i føresegn 1-5 vert slått fast at gebyra på tilknytingsavgifter både for vatn og avlaup vert differensiert i høve storleiken på bustader og hytter, slik at bygningar med bruksareal opp til 70 m² får halv tilknytingsavgift i høve større bygningar over denne grensa. For årsavgiftene har ein føreslått like avgifter uansett arealstorleik for hytter og bustader.

Vurdering:

Sidan alle bueingane i Matrebygg AS har eit bruksareal under 70 m², og det nye regulativet som no er på høyring, legg opp til 50 % tilknytingsgebyrer på vatn og avlaup på bustader mellom 0 – 70 m² meiner rådmannen det er rett å gje klagen delvis medhald, ved at gebyret vert redusert til 50 % i høve til det som vart handsama på delegasjon. Det betyr at tilknytingsgebyra for vatn og avlaup med 50 % sats vert redusert frå krone 807.500,- til krone 403.750,- for Matretunet AS.

Nedunder er tidlegare saksutgreiing og vedtak som er gjort i formannskapet tidlegare vist i kursivtekst.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det ligg føre klage dagsett 24.04.2014 frå Matrebygg AS på vedtak som vart gjort i formannskapet den 18.03.2014, sak 019/14. Nedunder er heile denne saka i formannskapet vist i sin heilskap:

Klage på tilknytingsavgift på Matre gnr. 49 bnr. 114

Vedlegg:

Klage på tilkoplingsavgifter vatn/kloakk Matretunet AS

Framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Formannskapet - 019/14

FS - behandling:

FS - vedtak:

Formannskapet den 13.05.2014, sak 036/2014 sjå nedunder:

Fakta i samband med klagebrev av 24.04.2014

I klagen skriv Bjørnar Vik på vegne av Matrebygg AS at kommunen sitt avgiftsreglement er mangelfullt, og ikkje tek høgde for eit prosjekt som Matretunet. Vidare skriv han at avgiftsnivået er høgt i Masfjorden i høve til Gulen kommune og Lindås kommune, og at det er like dyrt å byggja i

Masfjorden som i andre kommunar. Han meiner vidare at det er eit viktig signal kommunen gjev når denne klagen skal handsamast i høve framtidig privat innsats når det gjeld bygging av utleigebustader i Masfjorden. Kommunen bør etter hans vurdering straks gjennomgå avgiftsregulativet, og vurdere både nivå og differensiering på storleik av ulike typer bueiningar. I klagen opprett han kravet om berre å betala ei tilknytingsavgift for bygget, og skriv at han ønskjer rask avklaring på saka. Om klagen vert handsama no, før ei gjennomgang av avgiftsregulativet, vil han likevel kunne akseptere følgjande løysing: « Kommunen fakturerer halv avgift for 4 bueiningar no, og halv avgift for kvar seksjon som seinare blir selde».

Vurdering:

Administrasjonen har vurdert klagen, og vil vise til tidlegare saksutgreiing i sak 019/14 som var til handsaming i formannskapet den 18.03.14.

Konklusjon

Det ligg føre ein klage på eit vedtak, og det er viktig at formannskapet gjer eit vedtak i saka.

Formannskapet - 036/2014

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Formannskapet vart samde om framlegg til vedtak:

Saka vert utsett i påvente av utarbeiding av nytt regulativ for dette område.

Ny

Konklusjon